



SAKLISTE

Utval: Temagruppe for kulturbygging i Nye Volda Kommune

Møtestad: Kommunehuset Smia, Hornindal

Dato: 1.2.2018

Tid: 16:00

Desse er kalla inn:

Namn	Funksjon	Representerer
Odd Harald Sundal	Leiar	Fellesnemnda
Astrid Gjersdal	Medlem	Frivilligsentralen i Volda
Ola Bergset Ulvedal	Medlem	Hornindal Frivilligsentral
Sigurd Tverberg	Medlem	Volda Ungdomsråd
Anett Mari Bugjerde	Medlem	Ressursperson Hornindal

1. Gjennomgang av referat frå forrige møte

Referat ok.

2. Lage komplett oversikt over lag og organisasjonar i begge kommunane

Frivilligsentralane har laga til ei oversikt over lag og organisasjonar i kommunane. Desse vil få tilsendt eit brev frå gruppa.

3. Lage oversikt over større arrangement i begge kommunane

Frivilligsentralane har laga oversikt over større arrangement. Vi skal jobbe for å auke deltaking på desse på tvers av kommunegrensa. Nokre arrangement skil seg ut som ekstra interessante. Vi skal snakke med skulen om korleis ein kan organisere deltaking i pride-markeringa i Volda for ungdommar frå Hornindal.

4. Kartlegge eksisterande samarbeid mellom lag og organisasjonar på tvers av grensa.

Ola har laga eit forslag til brev til lag og organisasjonar med oppfordring om tilbakemelding om status for allereie oppstarta samarbeid og idéar for mogleg framtidig samarbeid på tvers av kommunegrensa. Brevet vart godkjent og vil bli sendt ut i veke 6. Vi vil be om tilbakemelding innan utgangen av februar.



5. Eventuellt

Venebenkar

Kjell Tvinnereim er engasjert som snikkar. Astrid sin snekkar har skada seg og må difor seie ifrå seg oppdraget. Vanskeleg å finne tak i ny. Vi jobbar med å få tak i ein snikkar til i Hornindal. Om vedkomande takkar ja vil snikkarane bli kalla inn til eit møte for å vere med på å avgjere vinnarane av designkonkurransen.

Kulturnæringshagen har tilbydd seg å bidra på PR og kommunikasjon for kulturbyggingsgruppa. Gruppa er interessert i høyre meir om eit mogleg bidrag. Odd Harald skal ha møte med dei 02.02. og vil gje eit referat frå møtet på gruppa sitt neste møte.

Ang. felles ungdomsarrangement for begge kommunane. Sigurd har snakka med ungdomsrådet som har kome med forslag til artistar. Sigurd undersøker prisar for dei forskjellige. Det er også kome forslag om å organisere ein slags festival med aktivitetar og eventuelt konsert/arrangement.

Prosjektleiar Rune Sjurgard vil bli kalla inn til drøftingar rundt budsjett til neste møte.

Neste møte vert 01.03.

Ref. Ola Bergset Ulvedal